

Vedlegg

Forskrift om endring av forskrift 28. april 2000 nr. 409 om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Fastsett ved kongeleg resolusjon 21. juni 2017 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 36 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

I

Nytt punkt 5.5 i kapittel IV Vernereglar skal lyde

5.5 Forvaltningsstyresmakta kan, etter skriftleg søknad, gje løyve til bruk av motorkjøretøy for opparbeiding og preparering av skiløyper for allmenta og konkurransar, i følgjande trasear og løyper og i følgjande tidsrom eller i samband med følgjande arrangement:

- a) Frå Nos ved Storenos 1 til Sloaros i Bykle kommune frå fredag før vinterferien til 2. påskedag dersom denne ikkje er seinare enn 24. april. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypene berre køyrast opp fredag til søndag.
- b) Tjørnnuten i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april.
- c) Enden i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april.
- d) Storenos 1 i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april.
- e) Storenos 2 i Bykle kommune frå sesongstart til 25. april.
- f) Bortelid – Pytten i Åseral og Bygland kommunar i samband med påskeferien og Pytten-treffet.
- g) Ljosland – Stikkebosshei i Åseral kommune.
- h) Ljosland – Lakkestova i Åseral kommune.
- i) Knaben – Knabenrøysi i Kvinesdal kommune.
- j) Sinnes – Degevassbu i Sirdal kommune.

Oppkøyring som nemnt i første ledd skal normalt følgje særskilte trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen. Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen. Nærare retningslinjer kan fastsetjast i forvaltningsplanen.

II

Denne forskrifta trer i kraft straks.